

BREKKE

TOURS/SCANDINAVIA



802 North 43rd Street • Suite D
Grand Forks, North Dakota 58201

LOCAL (701) 772-9499
ND ONLY 1-800-732-4300
NATIONAL 1-800-437-5302
TELEX 910-673-8388
TELEFAX (701) 780-9352
IATA 35572541

15. august, 1988

Til alle kultursekretærer og
Bygdeboknemnder i Norge.

Kjære venner:

Sidan vi sendte ut vedlagde brev i september, 1980 om bygdebøker ved University of North Dakota, har vi fått ei imponerende samling på 529 (1887) bind. Dei aller fleste av desse binda er gåver frå norske kommunar, og vi vil gjerne få lov å seie takk ein gong til for dette.

Som Sandra Beidler nemner i vedlagde brev på engelsk, skal det feirast hundreårsjubeleum i Staten Nord Dakota neste år. I samband med dette, vil vi gjerne få bygdeboksamlinga vår så fullstendig som muleg--kanskje den største i Amerika! Vi vedlegg ei oversikt (Guide to Norwegian Bygdebøker) over dei bøkene vi hadde fått fram til august, 1987. Vi skal setje stor pris på det om de vil sjå gjennom katalogen og hjelpe oss med å få tak i dei bøkene vi ikkje har. Vi veit at det har kome ut mange nye bygdebøker dei siste åra, og kanskje de også kunne hjelpe oss med å få tak i eldre bøker som ikkje lenger er til salgs. Som Sandra nemner, skal vi sjølv sagt setje pris på å få bøkene som gåve, men dersom det ikkje er råd, vil vi gjerne få vite prisen og kor vi kan få tak i dei.

Vi treng ein fulltids person--helst nordmann--som kan hjelpe norsk-amerikanarane med å finne fram i den rike bygdeboklitteraturen og som kan samarbeide med norske sentra for utvandring (utvandararkiv, utvandarregister, o.s.b.). Ein slik person må ha god kunnskap i engelsk, dei to norske målformene, norsk geografi, ættesoge, o.s.b. Dersom de kjenner nokon som kunne vere interessert i dette, bør han eller ho skrive til Sandra Beidler ved University of North Dakota. Vi har ikkje sikra midlar til dette endå, men der er god sjanse til at vi kan ordne det.

Eg har trekt meg tilbake frå språkundervisinga ved universitetet, men eg har lovd å halde fram med arbeidet for bygdeboksamlinga og innvandrarsenteret. Eg arbeider nå på nesten fulltids basis i Brekke Tours/Scandinavia. Vi spesialiserer oss på kulturelle gruppereiser til og frå Skandinavia.

Vi veit av røynsle at den beste måten å fremje kontakt med Amerika--og dermed salg av bygdebøker--er å organisere festivaler i dei individuelle kommunane og invitere norsk-amerikanarar 'heim'. Vik i Sogn skal feire 150-års jubileum til sommaren for å markere den første utvandringa frå Sogn til Amerika. I denne samanheng har Brekke Tours sett opp eit

charterfly frå Minneapolis til Bergen 19. juni! Lesja kommune skal gjere noko liknande. Andre kommunar sender store grupper til Amerika for å skape kontakt med heimbygdene. Vi kan nemne Luster i Sogn, og Bardu og Målselv i Troms.

For sommaren 1989 har vi planlagt avreise med charterfly frå Minneapolis til Oslo kvar tysdag med retur til Minneapolis på onsdag. I tillegg til dette dette kan vi sende fly til Stavanger, Bergen, Trondheim eller Bodø på måndag/tysdag eller onsdag/torsdag--dersom det skulle vere interesse for det. Desse flya tilhøyrer Ports of Call i Denver, Colorado og har 185 seter. Gjer vel og send oss ein telefax dersom dykkar kommune skulle vere interessert i kulturell utveksling (gruppereiser) til eller frå Amerika. Vi kan også ordne med gruppereiser i Amerika.

Dersom de kan gje bygdebøker til vår samling ved University of North Dakota, kan dei sendast til Erling Skogvold, EskoNor A/S
Storgt. 35
2000 Lillestrøm

Erling vil sende bøkene fritt vidare med våre charterfly til Nord Dakota.

Korrespondanse med omsyn til bygdebøkene, eller stilling ved universitetet, kan sendast på engelsk eller norsk til Sandra Beidler
Assistant Coordinator
Department of Special Collections
Chester Fritz Library
Grand Forks, North Dakota 58202
U.S.A.

Vi håper inderleg å høyre fra dykk.

Med hjarteleg helsing,



Arne Brekke